



ALETTE AASVOLD ROLLAND  
RYLAND 40  
5917 ROSSLAND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/8340 - 22/66413

Saksbehandlar:  
Ingrid Raniseth  
ingrid.raniseth@alver.kommune.no

Dato:  
02.09.2022

## Kunngjering av vedtatt reguleringsplan

### REGULERINGSPLAN FOR FV. 564 FLØKSAND-VIKEBØ – MELDING OM PLANVEDTAK

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 16.06.2022, sak 079/22, handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

*«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for fv. 564 Fløksand – Vikebø v/ alternativ A2+B3, PlanID 1256 2016 0010, som vist på plankart sist datert 10.12.2021 og med føresegner av revisjonsdato 10.12.2021.*

*Endring i 2.3.3 pkt. b i føresegnene (både A1 og A2):*

*Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord og innmarksbeite) som vert bygd ned skal av utbyggjar sikrast vidare bruk til jordbruksføremål.*

*Før kunngjering av planvedtaket må planomtalen, VA-rammeplan og plankart vere oppdatert jf. val av trasé. I samband med overvasshandtering til Sørestrøa, lyt det etablerast ein reinseanretning som sandfang eller reinsedam. Val av andre overvassløysingar enn naturbaserte løysingar skal grunngjevast.*

*Klimagassvurderinga og tekst om handtering av masser må takast inn i planomtalen, plankarta må oppdaterast med nytt basiskart og framsida på føresegna må oppdaterast med vedtaksprosess. Vurdering i høve konsekvensane av å redusere rabatten mellom gang- og sykkelveg ved Rylandsvassdraget må også omtalast.*

*Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»*

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl §12-4.

### **SAKSDOKUMENT**

Godkjent reguleringsplan med tilhøyrande dokument er tilgjengeleg på heimesida under [Høyringar og kunngjeringar](#).

### **OM KLAGE**

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen stilast til:

- Alver kommune, Plan v/Arealforvaltning , postboks 4, 5906 Frekhaug, eller
- som e- post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

**Klagefrist er sett til 24.09.2022**

### **ERSTATNING/INNØYSING**

Krav om erstatning etter pbl § 15-2 og krav om innløysing etter den same lova § 15-3 må setjast fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Ingrid Raniseth  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*